

---

Saksnr: 2019/101-23  
Saksbehandlar: Even Vaular

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Trafikktryggingutvalet		16.11.2020

**Møteplan for trafikktryggingutvalet (FTU Vestland) 2021**

Forslag til vedtak

1. Trafikktryggingutvalet vedtar følgjande møteplan for 2021:

Første møte	Måndag 25. januar
Andre møte	Måndag 15. mars
Tredje møte	Onsdag 19. mai
Fjerde møte	Måndag 4. oktober
Femte møte	Måndag 15. november

**Samandrag**

Fylkesdirektøren fremmar i denne saka forslag til møteplan for trafikktryggingutvalet for 2021. Fylkesdirektøren sitt forslag til møterekke for 2021 tar omsyn til ferier og raude dagar, kjende arrangement og koordinering med møte i dei andre utvala. Det er trafikktryggingutvalet sjølv som skal fatta vedtak.

Dina Lefdal  
fylkesdirektør for infrastruktur og veg

John Martin Jacobsen  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget har i møte 29. september (politisk sak (PS) 108/2020) vedtatt møteplan for 2021. Vedtaket gjeld møteplan for fylkestinget, planutvalet, hovudutvala, fylkesvalstyret og administrasjonsutvalet. Det vart i tillegg sett opp tre politikardagar. Fylkesutvalet/finansutvalet vart gitt fullmakt til å sjølv setta opp sin møteplan.

Fylkesutvalet har i møte 29. oktober (PS 216/2020) vedtatt møteplan for fylkesutvalet og finansutvalet. I vedtaket (pkt. 3, 1. leidd) ber fylkesutvalet fylkesrådmannen om å legge fram ei sak til fylkestinget i desember 2020, med ei samla oversikt over møteplan 2021 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune.

### Vedtakskompetanse

I Reglement for folkevalde organ og delegering i Vestland fylkeskommune er det i reglementet for sakshandsaming lagt opp til at fylkestinget handsamar møteplan for året for fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala, administrasjonsutvalet, fylkesvalstyret, planutvalet og finansutvalet.

Dei andre folkevalde organa som klagenemnda, kontrollutvalet, trafikktryggingsutvalet, valnemnda, medverknadsorgan, yrkesopplæringsnemnda og arbeidsmiljøutvalet vil fastsette eigne møteplanar i sine respektive organ.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Møteplan for 2021 skal fastsetta møtedatoane for trafikktryggingsutvalet det kommande året.

Etter kommunelova § 11-2 skal det verta halde møte i folkevalde organ dersom eitt av tre vilkår er oppfylt:

- a) Organet sjølv, kommunestyret eller fylkestinget vedtar det.
- b) Organets leiar meiner det er naudsynt
- c) Minst 1/3 av medlemmane krev det.

Dei folkevalde organa vil såleis kunne endra møtetidspunkt på dei oppsette møta i møteplanen, og fastsetta nye møte etter behov.

Tabellen under syner møteplan for 2021 etter vedtaka gjort i fylkestinget og fylkesutvalet, med eitt viktig unntak: Møterekka til fylkesutvalet og finansutvalet vert justert noko samanlikna med datoane i tabellen. Fylkesutvalet gjorde vedtak om «tre vekers-alternativet» frå fylkesrådmannen si saksutgreiing, med desse justeringane:

- a. Fire til seks av møta skal settast opp som fysiske møter over to dagar.
- b. Dagsmøte kan gjennomførast som fjernmøter dersom dette er føremålstenleg.
- c. Fast møtedag for fylkesutvalet/finansutvalet skal vere tysdag og tysdag/onsdag for møte over to dagar.

Fylkesrådmannen vil gjera desse justeringane og leggja dei fram for fylkestinget i desember, saman med møteplan for 2021 for alle dei folkevalde organa. Då det ikkje ligg til fylkesdirektør for infrastruktur og veg å gjera desse justeringane, tar fylkesdirektør utgangspunkt i møterekka i tre vekers-alternativet frå fylkesrådmannen si saksutgreiing. Når det gjeld møta i fylkestinget, presiserte fylkestinget i sitt vedtak av 29/9 at «dagen i framkant av møta i fylkestinget skal settast av til gruppemøte og eventuelle fellesorienteringar».

	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Fylkestinget			10/11			16/17			29/30			15/16
Fylkesutvalet	20	10	03, 26	15	06, 27	14		19	9, 27	21	11	02
Finansutvalet			03			14			27	21	11	
HU SAMO	12	17	23	27	25				20	12, 26	16	
HU KULII	13	17	25	28	26				20	13, 26	17	
HU OPPKO	14	17	24	27	25				20	14, 26	18	
HU NÆRIN	12	17	23	28	26				20	13, 26	17	
Fylkesvalstyre			10		27			19	21			
Adm.utvalet	21			20					17		24	
Politikardag		16							20	25		

Figur 1: Tabell henta frå saksutgreiinga til fastsettinga av møteplan for fylkesutvalet/finansutvalet. Tabellen syner "tre vekers-alternativet" for fylkesutvalsmøta (samt møta i finansutvalet), som vart vedtatt med nokre justeringar.

I 2021 er det vinterferie 22.-26. februar for gamle Sogn og Fjordane fylke, og 1.-5. mars for gamle Hordaland fylke. Påskeveka går f.o.m. måndag 29. mars t.o.m. måndag 5. april. Andre raude dagar som fell på vekedagane er Kristi Himmelfartsdag torsdag 13. mai, nasjonaldagen måndag 17. mai og 2. pinsedag 24. mai. Trygg Trafikk sin nasjonale trafikksikkerheitskonferanse finn etter planen stad 13. og 14. april. Per no er det få større hendingar i regi av Vestland fylkeskommune der dato for 2021 er offentleggjort.

Fylkesdirektøren føreslår følgjande møterekke for trafikktryggingsutvalet (FTU):

Møte nr.	Dato	Alternativ dato	Merknader
1	Måndag 25. januar	Måndag 1. februar	FTU gir innstilling om fordeling av FTU-midlar til SAMO 17/2.
2	Måndag 15. mars	Anna dag same veke	FTU vedtar tildeling til fysiske ts-tiltak og 1. tildeling til ts-aktivitetar. <i>Påfølgande SAMO-møte: 23. mars.</i>
3	Onsdag 19. mai	Tor. eller fre. 20./21. mai	FTU vedtar tildeling til kommunale ts-planar. <i>Påfølgande SAMO-møte: 25. mai.</i>
4	Måndag 4. oktober	Fredag 24. september	FTU vedtar 2. tildeling til ts-aktivitetar. <i>Påfølgande SAMO-møte: 12. oktober.</i>
5	Måndag 15. november	Fredag 12. november	FTU vedtar møteplan for 2022 og tildeling av trafikktryggingsprisen for 2021. <i>Påfølgande SAMO-møte: 16. november.</i>

## Konklusjon

Fylkesdirektøren sitt forslag til møterekke for 2021 tar omsyn til ferier og raude dagar, kjende arrangement og koordinering med møte i dei andre utvala. Fylkesdirektøren ber utvalet ta stilling til forslaget og fatta vedtak. Det er vert å nemna at utvalet, i tråd med kommunelova §11-2, i etterkant kan endra på vedtekne møtetidspunkt og fastsetta nye møte etter behov.